



Etne FrP



# Ingen blir gløymt

våre ombodspersonar tar vare på  
alle i Etne kommune

Økonomi og kommunal drift

Samferdsel, miljø og landbruk

Helse og oppvekst

Innvandring og integrering

Næringsliv, turisme og bygdepolitikk



Ordførarkandidat  
Kenneth Karlsen

## Stabil og tydeleg styring

Etne Framstegsparti vil fortsetta å vera innbyggjarane sine talspersonar, fremja eit positivt miljø og skapa vekst i heile kommunen gjennom meir demokrati og mindre byråkrati, samt støtte folkeavrøystingar i store saker som påverkar innbyggjarane våre. Me er vald av folket til å styra på vegne av dei, ikkje over dei.

Me er stolte av den flotte naturen vår, og me vil verna om våre vakre turområder, spesielt i fjella. Derfor har me aktivt røysta i mot vindmøller på Etnefjellet og mot Statnetts føreslåtte trassevalg for utbygging av kraftlinjene Blåfall – Gismarvik. Me meiner desse må gå i sjø- og jordkabel.

Etne kommune har vore driven godt i desse åra me har vore i posisjon. Stabilitet og forutsigbarhet har prege bygdepolitikken og nedleggingsspøkelsene har vore fráværande. Slik ønsker me å fortsette. Me ønsker å ta

endå meir over styringa i kommunen for å innføre ein endå sterkare ombodspolitik i Etne kommune. Med meg som ordførar skal du som innbyggjar være trygg på at di røyst skal bli høyrte – ingen blir gløymt!

La oss saman endeleg bli kvitt den usosiale eigedomskatten ein gong for alle.

### Stem på oss 11.september

– Det er du som bestemmer!

## Økonomi og kommunal drift



### Etne FrP:

- Skal arbeida for å fjerna eigedomskatten på bustad. Gjennom perioden skal me auka botnfrådraget kvart år slik at den til slutt vert avvikla. Det er ein djupt usosial skatt som ikkje tar omsyn til kva inntekt du har eller kor mykje du har i lån.
- Meiner at det er kvaliteten på tenesta som betyr noko for innbyggjaren, ikkje om den er produsert av private eller kommunale. Me vil ha meir valfridom.
- Skal arbeida for differensierte kommunale gebyrsatsar for dei som bur åleina.
- Vil vera pådrivar for å starta eit prosjekt i kommunen som heiter «Frå leige til eige».

## Samferdsel, miljø og landbruk




### Etne FrP vil:

- Leggja til rette for å bygga ny E134 frå Bakka mot Haugesund snarast råd, samt halda oppe arbeidet med å forbetra vegane mellom Etne og Skånevik.
- Arbeida for å halda vedlike snøggåtttilbodet frå Skånevik og forsøkja å styrka dette med ein ekstra avgang på laurdagar.
- Alltid røysta i mot monsternmaster, bompenge- og vindmølleprosjekt så lenge det ikkje er forankra i ei lokal folkeavrøysting. Me vil ta vare på naturen vår gjennom ein fornuftig miljøpolitikk, men me kjem aldri til å støtta fordyrande symbolpolitikk.
- At gardsbrukarane i større grad skal kunne bestemme over sin eiga grunn og me vil være positiv til bruksendringar og alternative driftsmåtar som kan fremja fortsett drift av gardsbruk.
- Aktivt arbeida for at industri som kan føra til sjenerande lukter blir plassert langt utanfor sentrumsnære strøk.
- Arbeida for at det skal bli lettare å reisa mellom Etne og Skånevik ved større arrangement gjennom auka kollektivtilbod.

## Helse og oppvekst



## Innvandring og integrering



## Næringsliv, turisme og bygdepolitikk



### Etne FrP vil:

- Ha nulltolleranse mot mobbing med å føra aktiv politikk for å forebygge dette.
- Trygga rammene for privat barnehagedrift i kommunen vår. Det er viktig at dei for forutsigbare rammer slik at dei kan driva trygt og godt.
- Arbeida for at det blir eit kommunalt- eller interkommunalt mobbeombod.
- Halda fast på at me har kjøkkendrift på begge omsorgsentra våre, og at dei skal kunne leva ut eit fullverdig liv der dei bur.
- Vera garantistar for at dei eldre og pleie-trengande får den omsorg og behov dei har rett og krav på.
- Ta ansvar for oppretting av ei 80% stilling som jordmor i Etne kommune. Me meiner det er avgjerande å skape gode rammer for dei som bringar liv til verda.
- Oppretta eit tilbod saman med private aktørar for ungdom som ikkje finn seg heilt til rette innanfor det ordinære skuletilbodet der ein gjennomfører tilrettelagte aktiviteter på gard lokalt i kommunen.

### Etne FrP vil:

- At minst 50% av flyktingane og asyl-søkerande som bur i kommunen skal ut i lønna arbeid før me tar i mot fleire. Me meiner at me må visa at me lukkast i integreringspolitikken før me kan hjelpe fleire.
- Innføra bruk av eit integreringsbarometer, som skal visa korleis Etne og Vindafjord lukkast med arbeidet innan integrering. Dette skal være lett tilgjengelege tal som ikkje er gravd ned i lange rapportar.

### Etne FrP:

- Vil syta for attraktive næringsstomter i heile kommunen, og presse på at nærings-arealet på Fikse skal komma på plass.
- Skal møte næringslivet for å høyra kva me kan gjera for dei. Kommunen er til for innbyggjarane - ikkje omvendt.
- Vil gjera det lettare for nyetableringar ved å redusere eller fjerne formueskatten. Etne kommune skal konkurrere opp mot dei andre kommunane på Haugalandet om å tilby lågast mogleg skattetrykk for næringslivet.
- Kjem til å forsøkja å etablera eit besøks-senter/museum i forbindelse med Sæbøtunet. Me har mange skattar som er funnet i Etne som i dag befinner seg på andre plassar. Desse må tilbake til Etne.
- Er ikkje redd for å ta opp kampen mot statsforvaltaren der han overkøyer lokaldemokratiet.

- Skal arbeida for at begge storbygdene – Etne og Skånepvik, skal ha fullverdige kommunale tenester, slik at det er grunnlag for tilflytting og busetjing.
- Vil i større grad få involvert grendeutval når me har saker som angår dei oppe til politisk handsaming.
- Ønsker at ved større lokale arrangement skal Etne kommune syta for ei oversikt over alle tilgjengelege overnattingsplassar i kommunen.

# Samman skal me sørgja for forandring

Våre kandidats hjertesaker

1



**Kenneth Karlsen (35)**  
Skånevik

Ja-haldning i byggesaker, spela på lag med frivillige organisasjonar og nei til eigedomskatt.



2



**Trude Enge (63)**  
Etne

Sentrumsutvikling, eldreomsorg og åleinebuar-politikk

3



**Åge Madsgård (60)**  
Etne

Betne vegar. Må bli enklare å få bygga bustad utanom byggefelt.

15



**Anna Rødne Gjende (21)**  
Etne


Eldreomsorg, rein natur og etablering av lokalt museum.



## I år er det både kommune- og fylkestingsval.

I vallokalet finn du to vallister:

Rosa kant for kommunevalet  
Blå kant for fylkestingsvalet.



## I kommunevalet kan du retta på stemmesedlane

Sett kryss ved ein kandidat for å gje vedkommande ein ekstra personstemme

Før opp ein listekandidat fra eit anna parti for å gje vedkommande ein ekstra personstemme



Alle som fyller 18 år i løpet av 2023, og er busett i kommunen pr 30. juni, har stemmerett.

Du treng ikkje være norsk statsborgar for å ha stemmerett ved lokalval;

- Nordiske statsborgarar har stemmerett om dei er busett i kommunen før 30. juni
- Utanlandske statsborgarar frå utanfor Norden har også stemmerett om dei har vore busett i Norge dei siste tre åra.

Det einaste du treng å ha med deg i vallokalet er gyldig legitimasjon m/bilde. Du treng ikkje valkortet (blir sendt i Posten), men dette lettår arbeidet i vallokalet.

# Verdiskapingsfylket Vestland

Stem FrP ved kommune –  
og fylkestingsvalet!

Fylkesordførarkandidat  
Vestland FrP  
Terje Søviknes



## FrPs prioriteringar i fylket:

- Fritt skuleval og satsing på yrkesfag
- Utbygging og vedlikehald av fylkesveg
- Nei til bybane over Bryggen
- Nei til bompengefinansiert bybane til Åsane
- Ja til eit godt kollektivtilbod i heile fylket
- JA-haldning i arealsaker
- Verdiskaping og arbeidsplassar

Vestland FrP stiller ei knallsterk  
liste til [fylkestingsvalet 2023](#):

1. Terje Søviknes (Bjørnafjorden)
2. Sigbjørn Framnes (Stord)
3. Renate Møgster Klepsvik (Austevoll)
4. Martine Jordana Baarholm (Bergen)
5. Frank Willy Djuvik (Kinn)
6. Stig Abrahamsen (Askøy)
7. Helge Stormoen (Bergen)
8. Sigurd André Maraas (Fitjar)
9. Gustav Bahun (Bjørnafjorden)
10. Rita Navarsete (Sogndal)
11. Hogne Bleie (Stad)
12. Frode Nygård (Kvam)
13. Anita Garlid Johannessen (Øygarden)
14. Martin Virkesdal Jonsterhaug (Bergen)
15. Mary Ann Mostrøm (Alver)



**Fremskrittspartiet**

- Stem for eit offensivt Vestland!